

Til
Foreiningar i Normisjon,
Kontaktpersonar
Regionstyret i Acta,
Direkte medlemmar i Normisjon region Sogn og Fjordane

Sandane: 22.3.23

HJARTELEG VELKOMMEN TIL

Regionårsmøte på Thon hotell Jølster, Skei i Sunnfjord 22.4.2023

Det er med glede vi kan invitere til eit felles samlingspunkt for å samtale og å drøfte arbeidet i regionen vår med framoverblikk. Av praktiske årsaker er årsmøtedagen flytta frå Skei misjonshus.

Saman med oss vil og Tore Giil Bjørsvik, internasjonal leiar i Normisjon, og Anita Næss Thorängen, dagleg leiar i Galleri Normisjon, vere.

I tillegg vil Nepalhjelpen stille med stand og informere om sitt arbeid for Okhaldunga sjukehus.

Årsmøtepapira følgjer vedlagt dette brevet. Årsmøtepapira er og offentleggjorde på nettsida vår www.normisjon.no/sof under "Innkalling til regionårsmøte i Normisjon Sogn og Fjordane". Der vil du finne alle dokument.

Vi gjer merksam på at årsmeldingar og rekneskap ikkje vert opplesne i si heilheit på årsmøtet. Vi bed alle utsendingar om å lese desse på førehand og førebu eventuelle spørsmål/kommentarar. Om stemmerett til direkte medlemmar og utsendingar frå foreiningane, sjå eige fullmakttsskjema vedlagt.


Valnemda sine kandidater er og vedlagt. Det er ope kandidatur til eit fast medlem og eit varamedlem i regionstyret. Benkeframlegg er tillate, men kandidatane må vere spurt på førehand.

Det vert høve til å gje foreiningsgåve og enkeltgaver under årsmøtet.

Påmelding skjer innan 17.april via www.normisjon.no/sof. Der melder du deg på med eller utan lunsj. Alle kaker servert i pauser er glutenfri og laktosefri. Har du spørsmål til påmelding? Ring underteikna på 95191332.

Ver med og be om at det må bli godt å møtast igjen. Vel møtt til alle!

Med helsing, for regionstyret



Jostein Bildøy
Regionleiar

Vedlegg: Årsmøtedokumenter.